



Arkitekt Knut Willie Jacobsen  
Lurevegen 340  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/14 - 20/6848

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:  
10.02.2020

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 184/1 Halsteinsdal

Tiltak: tilbygg og ombygging  
Byggjestad: Gbnr: 184/1  
Tiltakshavar: OMC BYGG AS  
Ansvarleg Arkitekt Knut Willie Jacobsen  
søkjær:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.12.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Tekniske krav til byggverk

I utgangspunktet skal også tilbygg, påbygg, tilbygg, bruksendring og andre bygningsendringar prosjekterast og utførast i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5. Pbl § 31-2 opnar for unntak frå krava når det ikkje er økonomisk forsvarleg å oppfylla dei.

[Sjå eksempelsamling frå NKF](#)

Søkar må gjera greia for dette og visa konkret til dei krava i TEK 17 det vert søkt om unntak frå.

Nye utvendige bygningsdelar (vegg, tak, golv, dør, vindauge) skal oppfylla krava i TEK 17.

Kjøkken, sanitærrom og våtrom skal ha avtrekk med tilstrekkeleg effektivitet (TEK §13-2 fjerde ledd).

Kommunen kan ikkje gje eit «generelt fritak frå kravene i TEK 10» (eller TEK 17), slik det her er søkt om.

## Avløpsanlegg

I vårt brev av 10.05.2019 skreiv vi:

Vi viser til vårt skriv datert 08.05.2019 vedkomande handsaming av søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg på gbnr 184/1 og dykkar tilbakemelding i saka mottatt 09.05.2019.

Kommunen legg til grunn at det er ønskeleg at etablering av avløpsanlegg vert tatt inn i byggjesaka på bustaden og avventar vidare handsaming av søknaden inntil byggjetiltaket er avklart og revidert søknad ligg føre.

Dersom avløpsanlegget skal inngå i søknaden, ber vi om at det vert presisert ved innsending av tilleggsinformasjon til søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 10.03.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

## Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

## Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Kopi til:

Arkitekt Knut Willie Jacobsen  
OMC BYGG AS

Lurevegen 340 5912  
Kleivdalsvegen 5915  
361

SEIM  
HJELMÅS

**Mottakarar:**

Arkitekt Knut Willie Jacobsen  
OMC BYGG AS

Lurevegen 340 5912  
Kleivdalsvegen 5915  
361

SEIM  
HJELMÅS